

### Turen frå Landbruksmuseet

Med start frå landbruksmuseet er det fint å gå nedover til sjøen langs grusvegen. Ved sjøen har skulen laga til grillplass med plen ved ei lita sandstrand. Dette er ein fin badeplass. Det går sti vidare langs sjøkanten, gjennom eit tett lite skogholt og ut til Korsstøneset. Frå neset er det flott utsyn og det er også ein bra fiskeplass. Stien går vidare langs sjøen og møter turvegen mellom Einargarden og Bakneset. Frå landbruksmuseet kan ein også følgje vegen ned til Einargarden og starten på turvegen der, eller gå vegen ned til Bakneset.

### Turen frå Bakneset

Turveg med fast grusdekke går frå parkeringa på Bakneset til Einargarden. Vegen går langs eit fint steinfjøreområde med variert blandingsskog på oppsida av vegen. Frå Bakneset går det også ein kort skogsveg og sti ut til Næsaodden. Odde har fleire gravhaugar. Ved fjøre sjø er det råd å gå på sjølve stranda frå Bakneset til Næsaodden. Den langgrunne steinfjøre freistar til krabbejakt mm.

Området på Gjermundnes er eit levande kulturlandskap. Her kan vere beitedyr både ved Korsstøneset og Næsaodden. Ta omsyn til beitedyr og lat att alle grinder!

### Parkering og buss

Besøkande kan velje mellom to parkeringsplassar. Den første ved landbruksmuseet, den andre ved sjøen nede ved Bakneset. Begge parkeringsplassane har store informasjonstavler som fortel om området. Heile området er tilgjengeleg frå begge parkeringane, enten som rundtur eller tur/retur.

Næraste busshaldeplass er Gjermundnes oppe ved hovudvegen. Bussruter: [www.frammr.no](http://www.frammr.no) eller ring 177.

### Kulturminne

Området er rikt på kulturminne. Informasjonstavler gir god informasjon undervegs. For meir informasjon om kulturminne sjekk: [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

### Turtips:

[www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)  
[www.morotur.no](http://www.morotur.no)  
[www.godtur.no](http://www.godtur.no)

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå [www.friluftsradet.no](http://www.friluftsradet.no)

### Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS, Foto: Christer Lundberg Nes og Inge Bergum.

# Gjermundnes

Dette er eit spennande kulturhistorisk område med vandringsruter på turveg og sti.



Parkering



Turveg – gul



Sti – kvitstipla



Vandring på bilveg



Badeplass



Fiske



Museum



Fornminne



Utsynspunkt



Fotballbane



Isbane

**TURKORT!**

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre Friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2016.



# Gjermundnes



Kjelder: www.norgei3d.no, Norkart AS, Geovekst og Vestnes kommune.